

Innkalling
av
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 20.06.2023
Møtestad: Formannskapssal
Møtetid: kl.12:00 - 13:00

Kommunalsjef Kristin Ruud Myking orienterer om forvaltninga i starten av møte
Frivilligkoordinator Solveig Hojem presenterer seg i møte

Eventuelle forfall må meldast i Kaukus eller til Hilde Revheim Sture per tlf. 56192103, sms til
eller per epost til hilde.revheim@osteroy.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
014/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
015/23	Godkjenning av møtebok
016/23	Referatsaker og meldingar
017/23	Bokbussen Soria Moria
018/23	Løypemelding KDP Idrett og fysisk aktivitet
019/23	Retningslinjer for tildeling av kommunal bustad
020/23	Vedtak av planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø 2024 – 2033
021/23	Oppgradering Osterøy ungdomsskule
022/23	Andre saker/spørsmål

14. juni 2023

Inge Johannes Reigstad
møteleiar

Hilde Revheim Sture
Sekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
014/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	20.06.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hilde Revheim Sture	23/1335

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Saksopplysningar:

Innkalling med sakliste er send ut.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
015/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	20.06.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hilde Revheim Sture	23/1335

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 30.03.2023

Møteprotokoll frå vert godkjend.

Saksopplysningar:

Møteprotokoll er send ut til godkjenning.

Møteprotokoll

for

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 30.03.2023
Møtestad: Heradsstyresalen
Møtetid: kl. 10:00 - 11:00

Fellesmøte med eldrerådet

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Inge Johannes Reigstad		Utvallsleiar
Aksel Låstad		Nestleiar
Dagrun Vevle		Medlem
Berit Moslett Borge	H	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Oddvar Melchersen		Medlem
Ingvild Stuberg		Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstattar medlem
Knut Tormod Bruvik		Ingvild Stuberg

Følgjande frå administrasjonen møtte: Leiar og miljøveileidar for biblioteket og politisk-adm.sekretariat

Sakliste

Saknr	Tittel
009/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
010/23	Godkjenning av møtebok
011/23	Referatsaker og meldingar
012/23	Innspel til utstyr på utstyrssentralen
013/23	Andre saker/spørsmål

009/23: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

30.03.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

RFF - 009/23 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

010/23: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 16.02.2023 vert godkjend.

30.03.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Det var ingen merknader til møtebok

RFF - 010/23 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 16.02.2023 vert godkjend.

011/23: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

30.03.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Det var ingen merknader til referatsaka

RFF - 011/23 VEDTAK:

Referatsakene vert tekne til vitande.

012/23: Innspel til utstyr på utstyrssentralen

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Råda gjev innspel til innhald på utstyrssentralen i vedlagt skjema

30.03.2023 ELDRERÅDET

Leiar og miljøveileidar for biblioteket møtte for å orientere i saka og teke imot innspel.

Rådet ga innspel til utstyr til utstyrssentralen.

Leiar for råd for menneske med nedsett funksjonsevne satte fram slikt framlegg:

"Rådet vil rå til at utstyrssentralen har eit samarbeid med lag og organisasjonar i kommunen i høve til eigarskap til og vedlikehald av utstyret."

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

ELD - 013/23 VEDTAK:

Rådet vil rå til at utstyrssentralen har eit samarbeid med lag og organisasjonar i kommunen i høve til eigarskap til og vedlikehald av utstyret.

30.03.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Leiar og miljøveileidar for biblioteket møtte for å orientere i saka og ta imot innspel.

Rådet ga innspel til utstyr til utstyrssentralen.

Leiar for rådet satte fram slikt framlegg:

"Rådet vil rå til at utstyrssentralen har eit samarbeid med lag og organisasjonar i kommunen i høve til eigarskap til og vedlikehald av utstyr."

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

RFF - 012/23 VEDTAK:

Rådet vil rå til at utstyrssentralen har eit samarbeid med lag og organisasjonar i kommunen i høve til eigarskap til og vedlikehald av utstyr.

013/23: Andre saker/spørsmål

30.03.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Vallokale:

Leiar for rådet satte fram slikt framlegg:

"UNIVERSELL UTFORMING AV VALGLOKALER

Med henvisning til forslag til ny valglov, ber Eldrerådet og Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne i Osterøy Kommune, om at kommunen påser at alle valglokaler er universelt utforma. Dette gjeld alt i frå parkering, tilkomst til lokaler og tilgjenge til valgmatriell i valglokalet. Det vil sei at det er god plass for dei som brukar rullestol, rullatorer til og koma fram til avlukker, og at det er tatt tilstrekkelig hensyn til og tilrettelagt for svaksynte, blinde og hørselshemma. Også viktig at valgmedarbeidarane veit at velgar kan ha med seg ein medhjelpar. Alt dette gjeld også for lokaler for forhandstemming.

Dersom kommunen vil lage til mulighet for stemming ved Osterøytunet og eldreboliger, så er det viktig at med god informasjon om dette."

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

Forvaltningen:

Leiar for eldrerådet hadde slik sak: eg har fått tilbakemeldingar frå folk om at forvaltninga i kommunen er vanskeleg å få tak i. Kan dei kome til rådene for å orientere i saka. Det skal ikkje vere slik at forvaltninga ikkje er rå å få tak i.

Kontakt med eldre:

Aksel Låstad hadde slik merknad: eg vil oppmode om at dei som vert sett til å ringe og kommunisere med dei eldre i kommunen, spesielt i heimetenesta, må kunne flytande norsk eller i alle fall kunne gjera seg forstått.

RFF - 013/23 VEDTAK:

UNIVERSELL UTFORMING AV VALGLOKALER

Med henvisning til forslag til ny valglov, ber Eldrerådet og Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne i Osterøy Kommune, om at kommunen påser at alle valglokaler er universelt utforma. Dette gjeld alt i frå parkering, tilkomst til lokaler og tilgjenge til valgmatriell i valglokalet. Det vil sei at det er god plass for dei som brukar rullestol, rullatorer til og koma fram til avlukker, og at det er tatt tilstrekkelig hensyn til og tilrettelagt for svaksynte, blinde og hørselshemma. Også viktig at valgmedarbeidarane veit at velgar kan ha med seg ein medhjelpar. Alt dette gjeld også for lokaler for forhandstemming.

Dersom kommunen vil lage til mulighet for stemming ved Osterøytunet og eldreboliger, så er det viktig at med god informasjon om dette.

Til å skriva under møteprotokollen saman med leiar for rådet vart desse valde: Berit M. Borge og
Dagrun Vevle

Lonevåg, 30.03.2023

Runar Ludvigsen
Sekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
016/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	20.06.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hilde Revheim Sture	23/1335

Referatsaker og meldingar

"Referatsakene vert tekne til vitande."

Saksopplysningar:

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
052/23	Formannskapet	PS	07.06.2023
051/23	Heradsstyret	PS	21.06.2023
032/23	Ungdomsråd	PS	05.06.2023
017/23	Eldrerådet	PS	20.06.2023
017/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	20.06.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Henrik Carlsen	23/1430

Bokbussen Soria Moria

Vedlegg:

Bokbussen Soria Moria

Vedtak om avhending Soria Moria

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune takkar nei til tilbodet om tilbakeføring av bokbussen Soria Moria frå Osterøy museum.

Ungdomsråd - 032/23

UR - behandling:

Leiar for Biblioteket la fram saka for ungdomsrådet.

UR - vedtak:

Ungdomsrådet støtter kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke.

Formannskapet - 052/23

FS - behandling:

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Osterøy kommune takkar nei til tilbodet om tilbakeføring av bokbussen Soria Moria frå Osterøy museum.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Osterøy museum mottok bokbussen Soria Moria som ei gåve frå Osterøy kommune i 2013, etter at

den hadde gått ut av drift som bokbuss. Museet har etter ICOM (International Council of Museums) sitt museumetiske regelverk plikt til å skaffe, ta i vare og utvikla samlingar. Dette inkluderer avhending under ansvar.

Etter grundig vurdering har Osterøy museum kome fram til at bokbussen bør avhendast til tidligare eigar eller destruerast. Bussen er ikkje lenger i køyrbar stand, og det er kostnadskrevjande å få den i stand igjen. Museet vil dokumentera bokbussen grundig og formidla den kulturhistoriske verdia gjennom digitale kanalar.

Forslag om sal eller avhending for gjenbruk blei også vurdert, men funnet ikkje hensiktsmessig.

Bakgrunn

Osterøy museum bad i epost av 28. april 2023 om avklaring på om Osterøy kommune ynskjer tilbakeføring av bokbussen innan sommarsesongen til museet. Museumsenteret har vurdert at bokbussen sin kulturhistoriske verdi kan takast i vare via dokumentasjon og digital formidling, og den fysiske bussen difor kan avhendast. Før museet avhendar seg med bussen, må tidligare eigar få tilbod om tilbakeføring.

Vurdering

Per i dag er det tre alternativ for Soria Moria:

Alternativ	Vurdering
Følgje Osterøy museum sin faglege vurdering og destruere bussen	Osterøy museum har kompetanse og system for å vurdere, ta i vare og formidle historiske gjenstandar.
Osterøy kommune tek over ansvar for bussen	Osterøy kommune har ikkje kompetanse eller system for å vurdere, ta i vare og formidle historiske gjenstandar. Det er heller ikkje økonomisk handlingsrom til å lagre og/eller sette den i stand på ein forskriftsmessig måte.
Ein tredje aktør tek over bussen	Osterøy museum har undersøkt mogelegheita, men har ikkje ført fram. Dette gjeld både museumsdrift, men òg gjenbruk til andre samanhengar.

Folkehelse

Bokbussen kan ha verdi som identitetskapande for innbyggjarane, men er per i dag ikkje presentabel for publikum.

Miljø

For ikkje å vere ei miljøbelastning må bussen enten takast i vare eller avhendast på ein forsvarleg måte.

Økonomi

Om bussen skal takas over av kommunen, med nytte, vil det vere kostnadar knytt til både restaurering, oppbevaring og formidling av bussen.

Konklusjon

Osterøy kommune takkar nei til tilbodet om tilbakeføring av bokbussen Soria Moria frå Osterøy museum.

Fra: Linda Judith Svidal Nordås <linda.svidal.nordas@osteroy.kommune.no>

Sendt: 28.04.2023 13:19:46

Til: Post Osterøy Saksystem Dokumentsenter
<sakssystem.dokumentsenter@osteroy.kommune.no>

Kopi: Henrik Carlsen <Henrik.Carlsen@osteroy.kommune.no>

Emne: VS: Bokbussen Soria Moria

Hei!

Kan de opprette ein sak på dette? Henrik skal eige saka.

Beste helsing

Linda Svidal Nordås

Leder, Kultur og mangfald



41 50 82 06

osteroy.kommune.no

Eg gjer merksam på at dette er ei offentleg e-postadresse;

All korrespondanse vert vurdert for journalføring.

Frå: Solveig Jordal <Solveig.Jordal@muho.no>

Send: fredag 28. april 2023 12:18

Til: Linda Judith Svidal Nordås <linda.svidal.nordas@osteroy.kommune.no>

Emne: Bokbussen Soria Moria

Sidan vi har hatt kontakt om denne saka sender eg den til deg, så kan du evt vidaresende den til rette person i Osterøy kommune.

Saka gjeld Bokbussen Soria Moria.

Osterøy museum fekk denne som gåve frå Osterøy kommune i 2013. Det førelåg ingen bevaringsplan og det har diverre ikkje lukkast nokon involverte å gje bussen dei vilkåra som var naudsynt for at den kunne takast skikkeleg vare på. Tilstanden er i dag svært dårleg og bussen kan ikkje nyttast i formidling utan svært omfattande opprusting. Samlingsgruppa i MUHO (Museumssenteret i Hordaland) har gjort vedtak om at Bokbussen må avhendast /destruerast.

Vurdering ligg vedlagt.

Museet er pålagt å gjera prioriteringar, og om nødvendig, avhendingar frå samlingane og i slike saker fylgjer vi nasjonale og internasjonale standardar og prosessar. Før destruering pliktar vi å presentere saka for tidlegare eigar, for ei vurdering om vedkomande ynskjer å ta gáva attende. Dette er bakgrunnen for denne henvendelsen til Osterøy kommune.

Vi ber om tilbakemelding innan 25.mai 2023.

Mvh

Solveig Jordal

Avdelingsleiar Osterøy muiseum

Vedtak om avhending/destruksjon av bokbussen Soria Moria.

Osterøy museum fikk bokbussen Soria Moria som gave fra Osterøy kommune i 2013, etter at den hadde gått ut av bruk som bokbuss. Den hadde da gått i rute på Osterøy siden 1998. Det var et ønske fra giver at bussen skulle stilles ut på permanent basis. Bussen var kjørbær, og i noenlunde stand ved inntak, men har forfalt mye grunnet lite bruk og vedlikehold. Det har heller ikke fulgt med ressurser for å sikre gode oppbevaringsforhold. Bokbussen har vært brukt til formidling ved enkelte arrangement som «Liv i gamle stover», hvor den har vært åpen for publikum. Ellers har bussen stått utendørs, og ikke vært brukt vesentlig i formidlingen.

Osterøy museum er i henhold til ICOMs museumsetiske regelverk forpliktet til å anskaffe, bevare og utvikle samlinger som bidrar til å sikre samfunnets naturarv, kulturarv og vitenskapelige arv. Med dette samfunnsansvaret følger også et forvaltningsansvar med oppgaver som inkluderer aktsomhetsplikt, langsiktig vern, dokumentasjon, tilgjengelighet, men også avhending under ansvar. Museet må til enhver tid balansere hensynet mellom ressursbruk og forvaltning, og i den sammenheng må samlingene vurderes i sin helhet, og det må jobbes systematisk og planmessig for hensiktsmessig utvikling og forvaltning av samlingene.

I 2020 begynte Osterøy museum arbeidet med å vurdere tiltak for bokbussen. Den var da ikke lenger i kjørbær stand og tilstanden hadde blitt vesentlig forverret etter innbrudd og hærverk høsten 2019. Det ble gjort tekniske undersøkelser av bokbussen, og konkludert med at det ville bli svært kostnadskrevenende å få den i kjørbær stand, og videre sikring i form av overbygg eller annet vern mot klimatiske utfordringer var heller ikke kostnadmessig forsvarlig ut ifra gjenstandens kulturhistoriske verdi og formidlingspotensiale.

Bokbussen har historisk verdi, og affeksjonsverdien for befolkningen på Osterøy bør heller ikke undervurderes. Det er likevel museets konklusjon at den kulturhistoriske verdien kan sikres og formidles på tilstrekkelig vis gjennom grundig dokumentasjon og digital formidling. Dokumentasjonsmaterialet kan i sin tur bidra til å styrke bokbussens formidlingspotensiale gjennom digitale kanaler.

Det ble undersøkt om andre museer/institusjoner kunne være villige til å ta vare på bokbussen, men dette førte ikke fram. Salg eller avhending for gjenbruk i andre sammenhenger ble også vurdert, men funnet ikke hensiktsmessig av hensyn til museets, og eller Osterøy kommunes omdømme.

Etter en helhetsvurdering er det Osterøy museums konklusjon at bokbussen bør avhendes til tidligere eier eller destrueres.

28.4.2023.

Nikolai Rypdal Tallaksen på vegne av samlingsgruppa i MUHO/Osterøy museum.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
018/23	Eldrerådet	PS	20.06.2023
054/23	Formannskapet	PS	07.06.2023
052/23	Heradsstyret	PS	21.06.2023
035/23	Ungdomsråd	PS	05.06.2023
018/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	20.06.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Linda Judith Svidal Nordås	21/528

Løypemelding KDP Idrett og fysisk aktivitet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet vert avslutta utan å føre fram til endelig vedtak. Det skal skrivast nytt planprogram før i gang setting av nytt planarbeid, der kultur vert inkludert. Alle innspel og samskapingsmøter som er gjennomført, skal vere med i grunnlaget når arbeidet vert teke opp att.

Eigarskapsmeldinga for idrettsanlegg vert utvida til å omfatte friluftsanlegg der Osterøy kommune eig grunnen, og skal svare ut same spørsmål for disse anlegga som for idrettsanlegg (jamfør sak 12/23).

Ungdomsråd - 035/23

UR - behandling:

Leiar for Kultur og mangfald la fram saka for ungdomsrådet.

UR - vedtak:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke.

Formannskapet - 054/23

FS - behandling:

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet vert avslutta utan å føre fram til endelig vedtak. Det skal skrivast nytt planprogram før i gang setting av nytt planarbeid, der kultur vert inkludert. Alle innspel og samskapingsmøter som er gjennomført, skal vere med i grunnlaget når arbeidet vert teke opp att.

Eigarskapsmeldinga for idrettsanlegg vert utvida til å omfatte friluftsanlegg der Osterøy kommune eig grunnen, og skal svare ut same spørsmål for disse anlegga som for idrettsanlegg (jamfør sak 12/23).

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Det var satt i gang arbeid med ny kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i 2021. Planprogrammet vart vedteke 17.06.21. I arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for planen, vart det avdekka at det var særskilte forhold knytta til eigarskap for idrettsanlegg. Dei to siste månadane har vi avdekka at same utfordring gjeld for friluftslivsanlegg.

Vidare har ein sett at spesielt friluftsliv ligg i skjæringspunktet mot kulturfeltet, og at det regionalt er føringar om at kultur, idrett og fysisk aktivitet bør sjåast i samanheng i same plan.

Eksisterande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet må forlengast i eiga sak. Handlingsprogramet må rullerast årleg. Disse prosessane vil gå sin gang i påvente av ny KDP for Fysisk aktivitet, idrett og kultur.

Bakgrunn

Osterøy kommune har sidan vedteke planprogram auka kapasitet og kompetanse på idrett og friluftsliv betraktelig. Kompetanse og kapasitet på kultur og frivillighet, har òg auka. Samtidig viste det arbeidet som er gjort med planen, at det er behov for grundige avklaringar knytta til eigarskap for både idrettsanlegg og friluftslivsanlegg. Dette er eit krevjande og komplisert arbeid som krev juridiske vurderingar og gode forankringar. Å lage nytt handlingsprogram for idretts- og friluftslivsanlegg utan avklaring om kven som skal eige anlegget, er ikkje hensiktsmessig.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at det er god forvaltningsskikk å orientere Herrerstyret om at det ikkje er hensiktsmessig å fullføre Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet slik planprogrammet no ligg føre.

Folkehelse

Ein kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, og ein kommunedelplan for kultur er nødvendig for å få til utvikling på områdene. Vi veit at idrett, kultur og friluftsliv er viktige faktorar for god folkehelse. Det er midlertid ikkje hensiktsmessig med hastverksarbeid, eller to ulike planar. Da mister vi heilskapen og muligheitane vil forsvinne med dei.

Miljø

Ikkje vurdert.

Økonomi

Eigarskapsmeldinga for idretts- og friluftslivsanlegg må ligge til grunn for nye handlingsprogram for at ein skal kunne vurdere investerings- og driftstilskot, samt få disse ført riktig i rekneskap.

Konklusjon

Eigarskapsmeldinga for idrettsanlegg vert utvida til å òg omfatte friluftslivsanlegg.

Arbeidet med ny kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet vert stoppa fram til eigarskapsmelding for idrett- og friluftslivsanlegg er vedteke.

Når arbeidet med kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet skal takast opp att, skal kultur vere ein del av eit nytt planprogram.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
057/23	Formannskapet	PS	07.06.2023
059/23	Heradsstyret	PS	21.06.2023
019/23	Eldrerådet	PS	20.06.2023
019/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	20.06.2023
037/23	Ungdomsråd	PS	05.06.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Per Kristian Skår	23/33

Retningslinjer for tildeling av kommunal bustad

Vedlegg:

Retningslinjer for tildeling av bustad

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Retningslinjene vert vedteke slik dei ligg føre.

Ungdomsråd - 037/23

UR - behandling:

Ungdomsrådet handsama ikkje saka.

UR - vedtak:

Det vart ikkje gjort noko vedtak i saka.

Formannskapet - 057/23

FS - behandling:

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Retningslinjer for tildeling av kommunal bustad vert vedteke slik dei ligg føre.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren vurderer at det er hensiktsmessig med lokale retningslinjer for tildeling av kommunal bustad fordi dette ikkje er tilstrekkeleg regulert i nasjonale føringar.

Bakgrunn

I samband med ny «Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet» arbeider

administrasjonen med å systematisere og strukturere arbeidet med bustader for vanskelegstilte. Eit ledd i dette arbeidet er å forankre retningslinjer for tildeling av kommunale bustader.

Vurdering

Folkehelse

Ein trygg og stabil bustad er ein viktig faktor for god helse i alle aldersgrupper.

Miljø


Ikkje vurdert

Økonomi

Lokale retningslinjer medfører meir effektiv og likeverdig sakshandsaming.

Konklusjon

Retningslinjene vert vedtekne med verknad frå 1. juli 2023.



Retningslinjer for tildeling av bustad

Innholdsfortegnelse

Innholdsfortegnelse	1
Innleiing.....	2
Formål	2
Kommunal bustad	2
Behov for teneste for å kunne meistre busituasjonen	2
Avgrensing	2
Målgruppe	2
Prioritering mellom søkarar og sakshandsaming	3
Søknad	3
Handsaming av søknad.....	3
Tildeling av bustad.....	3
Vedtak	4
Avslutte søknad utan handsaming	4
Avslag	4
Avslag grunna gjeld til kommunen	4
Klagerett.....	4

Innleiing

Formål

Den enkelte innbyggjar har sjølv ansvar for å skaffe ein eigna bustad. Kommunen kan vere med å hjelpe dei som treng det, til å skaffe eller behalde bustad (*Lov om kommunens ansvar på det boligsosiale feltet § 4*). Ingen har lovfesta rett til kommunal utleige bustad.

I søknadshandsaminga, skal det verte lagt vekt på om søkar har mogelegheit til å ordne eigna bustad ved hjelp av offentlege eller andre låne-/tilskotsordningar. Eksempel på dette kan vere bustønad, startlån, tilskot til etablering eller hjelp til å finne bustad på den private marknaden. Etter § 6 (ibid) er kommunen pliktig til å tilby dette.

Kommunal bustad

Med kommunal bustad, meiner vi alle bustader som kommunen eig, leige eller disponerer på anna måte. I Osterøy kommune har vi tre hovudgrupper med bustader:

	Type bustad	
A	Krisebustad	Lov om sosiale tenester, § 27, gjev kommunen ansvar for å finne eit midlertidig butilbod for dei som ikkje meistarar dette sjølve.
B	Omsorgsbustad	Tilrettelagte bustader for menneske med ulike behov. Er fysisk tilrettelagte bustader for personar med behov for ulike grader av oppfølging, pleie og omsorg.
C	Bustad for vanskelegstilte	Ordinære utleigebustader utan særskilt tilpassing. Kommunen eig som hovudregel bustadane sjølve, men kan leige inn bustader som vert framleigd til målgruppa. Bustadane ligg i heile kommunen, men hovudvekta ligg i nærleiken av områdesentra.

Behov for teneste for å kunne mestre busituasjonen

«*Lov om kommunenes ansvar på det bustadsosiale feltet*» gjev kommunane ansvar for «å forebygge boligsosiale utfordringer og å bidra til at vanskeligstilte på boligmarkedet skal få bistand til å skaffe seg og beholde en egnet bolig.» (§ 1). Dette medfører at personar som har behov for ein kommunal bustad, òg skal kartleggast med tanke på behov for oppfølging for å kunne gå over i privat utleige bustad eller kjøpe eigen bustad, eksempelvis via ordninga «frå leige til eige».

Avgrensing

Disse retningslinjene gjeld for bustadtype C, bustad for vanskelegstilte.

Målgruppe

Søkar må på søknadstidspunkt vere innanfor målgruppa og ha behov for bustad. Søkar må på søknadstidspunkt:

- Ha lovleg opphald i Norge
- Vere folkeregistrert i Osterøy kommune
- Ha inngått busettingsavtale med Osterøy kommune via Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, dersom dei ikkje er folkeregistrert i Osterøy kommune
- Vere fylt 18 år

Det kan gjerast unnatak for krav om å vere folkeregistrert i Osterøy kommune i saker som skuldast familievald eller liknande, dersom søkar kan dokumentere tilhøyrse til Osterøy kommune for enten seg sjølv eller barn.

Som hovudregel skal søkarar ikkje ha inntekt, formue eller alternative mogelegheiter som gjer søkar i stand til å sjølv skaffe seg ein bustad. I desse tilfella vert den private marknaden anbefalt.

Prioritering mellom søkarar og sakshandsaming

Dersom tal søkarar som fyller grunnkrav i retningslinjene er større enn tal bustader til disposisjon, skal det gjerast ei prioritering mellom søkarane. Det skal leggjast vekt på søkar sine ulike behov og type bustad tilgjengeleg. Dei med størst behov skal prioriterast. Dette er primært, i ikkje prioritert rekkefølge:

- Personar utan bustad
- Familiar med born
- Nybusette flyktningar

Det skal bli teke omsyn til at i nokre buformer vert det stilt krav om ein viss samansetning av bebuarar. I vurderinga vert det lagt vekt på sosiale behov. Der behova vert vurdert til å vere like, er det den som søkte først som vert tildelt bustad.

Søknad

Søknad om bustad skal sendast via [Osterøy kommune - Kommunal bustad \(osteroy.kommune.no\)](https://osteroy.kommune.no). I søknaden skal det vere lagt ved dokumentasjon på den informasjonen som vert etterspurt. Mangel på dette, vert vurdert som ein ufullstendig søknad, og dokumentasjon vert etterspurt. Dersom dokumentasjonen ikkje vert levert innan frist, vert søknad avslått. Innbyggjarar må då starte søknadsprosess på nytt.

Handsaming av søknad

I forkant av handsaming vert det henta inn naudsynt informasjon via samtale og kartlegging med søkar. Kartlegginga skal gje eit heilskapsbilde av søkar og/eller husstanden sin økonomi, sosiale- og helsemessige forhold. Handsaming av søknad skjer i tråd med forvaltningslova sine retningslinjer. Søknad om byte av kommunal bustad kan unnataksvis verte innfridd, dersom bustaden er ueigna grunna helsemessige forhold eller bustaden tydeleg er for stor eller for liten til søkar.

Tildeling av bustad

Den aktuelle bustaden skal vere nøktern i forhold til husstanden sin storleik. Følgjande norm ligg til grunn:

Einsleg	1 – 2 rom
Einslege med dokumenterte besøksbarn	2 rom
Einslege med eit barn	2 – 3 rom
Einslege og par med 2 og fleire barn	3 – 4 rom

Ein kan tildele for liten bustad, og sette søkar på venteliste til bustad som er stor nok dersom det ikkje er tilgjengeleg bustad av riktig storleik.

Vedtak

Vedtak vert fatta av den som rådmannen har delegert mynde til. Vedtaket gjeld for tre år, med mogelegheit for å vere forlenga i nye tre år etter søknad frå bebuar. Søknad skal ved fornying vurderast på nytt i tråd med retningslinjene. Unntak frå tre års regel skal grunngjevast i vedtaket. Det kan gjevast vedtak om godkjent søknad, men utan tildeling. Det vert sett som føresetnad i vedtak at leigetakar opprettar garanti for depositum.

Avslutte søknad utan handsaming

Kommunen kan avslutte søknader utan handsaming når:

- Osterøy kommune ikkje har fått kontakt med søkar
- Søkar har inngått privat leigeforhold eller er av andre årsaker ikkje er aktuell for kommunal bustad

Avslag

Søkar må fylle kommunen sine kriterium for tildeling av bustad.

Avslag grunna gjeld til kommunen

Har søker uoppgjort gjeld til Osterøy kommune som følgje av tidlegare leigeforhold, kan kommunen stille krav om frivillig forvaltningskonto og inngåing av nedbetalingsavtale dersom skuldnaren sin økonomi opnar for dette.

Klagerett

Vedtak vert fatta med heimel i Lov om kommunens ansvar på det bustadsosiale feltet, i tråd med forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagefristen er tre veker frå tidspunktet det er venta at søker vart gjort kjent med vedtaket. Klagehandsaminga skjer i bustadmøtet. Dersom klagen ikkje vert teke til følge, vert den sendt vidare til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg vurdering.

Klageretten gjeld søknader som har fått avslag. Klager på tildelt bustad, for liten bustad eller andre forhold som vert avdekka ved innflytting, vert ikkje handsama etter forvaltningslova §§ 28 og 29. Disse tilfella må løysast gjennom dialog.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
054/23	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	24.05.2023
020/23	Eldrerådet	PS	20.06.2023
020/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	20.06.2023
038/23	Ungdomsråd	PS	05.06.2023
055/23	Formannskapet	PS	07.06.2023
053/23	Heradsstyret	PS	21.06.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Pelle Engeseter	23/14

Vedtak av planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø 2024 – 2033

Vedlegg:

PLANPROGRAM kulturmiljø - Endeleg tl HS-vedtak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Planprogrammet for kommunedelplan for kulturmiljø 2024 – 2033 vert vedteken slik det ligg føre, jf. pbl §11-13.

Plan- og kommunalteknisk utval - 054/23

PL - behandling:

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

PL - vedtak:

Planprogrammet for kommunedelplan for kulturmiljø 2024 – 2033 vert vedteken slik det ligg føre, jf. pbl §11-13.

Ungdomsråd - 038/23

UR - behandling:

Koordinator for ungdomsrådet la fram saka.

UR - vedtak:

Planprogrammet for kommunedelplan for kulturmiljø 2024-2033 vert vedteke slik det ligg føre. Samrøystes vedteke.

Formannskapet - 055/23

FS - behandling:

Kjersti Vevatne, V, hadde slik merknad, det er hensiktsmessig at arbeidet med kommunedelplanen for kulturmiljø ligg i forkant av kommunedelplanen.

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Planprogrammet for kommunedelplan for kulturmiljø 2024 – 2033 vert vedteken slik det ligg føre, jf. pbl §11-13.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Framlegg til planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø 2024 – 2033 vart godkjend og vedteke lagt ut på offentlig høyring av heradsstyret i sak 007/23. Ved utløpet av fristen var det kome inn i alt 4 merknader.

1. Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)
 2. Vestland fylkeskommune
 3. NVE
 4. Osterøy museumslag
- *Direktoratet for mineralforvaltning* oppmodar kommunen til å vurdere om kulturmiljøplanen skal omfatte den historiske betydninga gruveverksemda har hatt for kulturmiljøet i Osterøy.
 - *Vestland fylkeskommune* peikar på koplinga til rulleringa av KPA kan styrkast gjennom bruk av omsynssoner (H570) og gjennom ha eit fokus på kulturmiljø i tilknytning til tettstadane i kommunen. Fylkeskommunen peikar også på at Osterøy har visse op kulturmiljø som har eit regionalt perspektiv slik som småindustrien, bergverksdrift, vasskrafta, mølledrift og byggeskikk.
 - *NVE* viser til at Herlandsfoss kraftverk (1919) utgjør eitt av NVE sine utvalde kulturminne, og oppfordrar kommunen til å omtale kulturminnet i planen.
 - *Osterøy museumslag* skriv i sin merknad at Museumssenteret i Hordaland ser svært positivt på at Osterøy kommune no tek opp arbeidet med ein kommunedelplan for kulturmiljø. Vidare skriv dei at «Planprogrammet speglar god forståing av breidde og tema innan feltet. Det er særleg positivt at det reflekterer samanhengen natur-kultur.» Osterøy museumslag ser positivt på å vera referansegruppe for planarbeidet.

Vurdering

Rådmannen meiner samtlege merknader er relevante og vil bli tekne til følge i planen.

Merknadsskjema med rådmannen sine merknader er lagt ved.

I høyringsutkastet til planprogrammet opna me også opp for innspel frå privatpersonar, lag, organisasjonar og andre på kulturmiljø på tema som ein ønskte skulle takast inn i planen. Innspela kunne dreie seg om kulturminne, kulturmiljø og landskap. Det kom ingen innspel. Avsnittet «Innspel» på side 15 i høyringsutkastet er som følge av manglande innspel teke ut av planprogrammet.

Folkehelse

Gode kulturmiljø og ivaretaking av kulturarven gjennom bruk er å rekne som helseførebyggande.

Miljø

Kulturmiljøplanen vi ha fokus på tilhøvet mellom miljø og kultur.

Økonomi

Vern gjennom bruk kan vise seg å vere økonomisk fordelaktig.

Konklusjon

Med bakgrunn i saka slik det gjort greie for over, rår rådmannen til at planprogrammet for kommunedelplan for kulturmiljø 2024 – 2033 vert godteke slik det ligg føre.



PLANPROGRAM KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMILJØ I OSTERØY KOMMUNE. NY OPPSTART 2024 - 2033

08.05.2023

Vedteke i Heradsstyret 22. februar 2023.

UTKAST

Forord

Jamfør Plan- og bygningslova (PBL) § 11-13 skal det ved varsel om oppstart av planarbeid utarbeidast planprogram for alle planar med vesentlege verknadar for miljø og samfunn.

Planprogrammet legg føringar for det vidare arbeidet med kommunedelplanen og skildrar planprosess og medverknad. Forslag til planprogram skal leggest ut til offentleg ettersyn og sendast på høyring med minimum seks veker høyringsfrist.

Dette planprogrammet er ein revisjon av planprogrammet som vart sendt på høyring i 2016 etter vedtak i formannskapet 21.11.2015 (saksnr.096/15). Grunna personalskifte i planavdelinga stogga arbeidet med kulturminneplanen og planprogrammet vart aldri ført til godkjenning av Heradsstyret. Planarbeidet har lagt på is fram til 2022. Det vert no utarbeida revidert planprogram og meldt ny oppstart av planarbeid. Planprogrammet du no les byggjer på det gamle, men er oppjustert på overordna føringar og på lokale utfordringar, samt organisering og framdrift.

Arbeidet med kommunedelplan for kulturmiljø vil gå føre seg parallelt med revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

UTKAST

Innhold

Forord 3

1	Innleiing	7
	Kvifor kulturmiljøplan?	7
	Om planen	7
	Bakgrunn	8
	Utfordringar	8
	Målsetnad	9
	Avgrensingar i planen	10
	Sentrale tema og problemstillingar i planarbeidet	10
2	Rammer og føresetnadar for planarbeidet	11
	Statlege føringar og lovverk	11
	Regionale føringar	12
	Kommunale planar med relevans for planarbeidet	12
	Relevante dokument og kjelder	12
3	Planprosess	14
	Organisering	14
	Medverknad	15
	Utgreiingsbehov	15
4	Framdrift	16

UTKAST

1 Innleiing

Kvifor kulturmiljøplan?

Regjeringa innfører med Meld.St.16 (2019 – 2020) omgrepet «kulturmiljø» som samlenemning. Samlenemninga dekker omgrepa «kulturminne, kulturmiljø og landskap» og skal nyttast når feltet vert omtala som ein heilskap.

Kulturmiljøomgrepet strekar under betydninga av heilskap og samanheng, samstundes som tilknytninga til klima- og miljøpolitikken elles vert tydelegare. «Kulturmiljø» erstattar ikkje bruken av omgrepa «kulturminne», «kulturmiljø» eller «landskap» kva for seg når det vert referert til einskildobjekt, område kor kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng eller landskap. I tillegg til «kulturmiljø» vert også omgrepa «kulturminneforvaltning» og «kulturmiljøpolitikk innført når feltet som heilskap vert omtala.

Planarbeidet skal kartlegge og prioritere lokalt viktige kulturmiljø, inkludert faste og immaterielle kulturminne, som i framtida vil vere grunnlag for opplevingar, kunnskap og verdiskaping. Osterøy kommune har tidlegare ikkje prioritert å utarbeide ein kulturminneplan, eller «kulturmiljøplan» som det vil heite i følgje den nye stortingsmeldinga om nye mål i kulturpolitikken, Meld.St.16 (2019 – 2020). Dette arbeidet vil difor vere eit viktig og avgjerande verktøy for å løfte kulturminneforvaltninga i kommunen og for å utvikle ein heilskapleg kulturminnepolitikk.

I møte med framtida står kulturmiljø ovanfor ei rekkje utfordringar som til dømes endring i arealbruk, endring av bruk og utfordringar knytt til klima. Arbeidet med kulturmiljøplanen har som mål å utvikle og samordne strategiar for korleis ein ønskjer å møte utfordringane og stø opp under ei berekraftig forvaltning av kulturarven.

Om planen

Kulturmiljø finn ein over alt i dei fysiske omgjevnadane våre. Dei er meir eller mindre synlege spor etter menneske sine liv og verke. Kulturmiljøa er ein del av vår felles arv og minne, om omfattar både materielle kulturminne og immaterielle kulturminne.

Kulturminnelova § 2 omfattar følgjande tre sentrale ledd:

- Kulturminne omfattar alle spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljøet vårt, inkludert lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til
- Kulturmiljø omfattar område kor kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng
- Reglane om kulturminne og kulturmiljø gjeld så langt dei høver óg for botaniske, zoologiske eller geologiske førekomstar som det knyter seg kulturhistoriske verdier til

Planen skal ha ein handlingsdel med tiltak som skal reviderast årleg og vere kopla mot kommunens økonomiplan (jf. plan- og bygningsloven § 11-2).

Bakgrunn

Utarbeiding av ein kulturminneplan for Osterøy kommune er opphavelig forankra i den kommunale planstrategien for 2012 – 2016, og vart stadfesta i planstrategien for 2021 – 2024.

Gjennom prosjektet Kulturminneplanar i kommunane (KIK) var Osterøy med i eit regionalt nettverk for kulturminneplanarbeid. KIK vart koordinert av Hordaland fylkeskommune og var eit nasjonalt satsingsprosjekt initiert av Riksantikvaren. Prosjektfasen gjekk fram til 2017. Med bakgrunn i det nasjonale prosjektet vart Osterøy kommune løyvd 200.000 kroner i tilskot til arbeidet med kulturminneplanen. Ei føresetnad frå Riksantikvaren var at planen vart utforma som ein kommunedelplan etter Plan- og bygningslova.

Oppstart av planarbeid med høyring og offentleg ettersyn av planprogram for Kommunedelplan for kulturminne i Osterøy kommune, 2016-2026, PlanID 12532015007, vart godkjent (saksnr. 095/15) av Formannskapet 25.11.2015. Utarbeiding av kulturminneplan for Osterøy kommune var forankra i den kommunale planstrategien for 2012 – 2016. I samband med planoppstart vart det etablert administrativ og politisk arbeidsgruppe som utarbeidde eit grunnlag for arbeidet med planprogrammet. Begge arbeidsgruppene hadde oppstartsmøter våren 2016. Planavdelinga utarbeidde eit utkast til planprogram som vart sendt ut på høyring. Det kom inn fleire merknader og innspel til utkastet, både frå regionale mynde og frå privatpersonar og lag. Desse merknadane og innspela vil bli teke med i den restarta planarbeidet.

Hausten 2016 slutta prosjektleiar for kulturminneplanen i Osterøy kommune. Ny medarbeidar vart tilsett i januar 2017, men arbeidet med kulturminneplanen vart satt på vent grunna arbeid med KPD for sjø- og strandsonen (vedteken i 2018). Dette førte til at planprogrammet for kulturminneplanen ikkje vart vedteke, og arbeidet med planen var satt på ytterlegare vent. Det skulle gå fleire år før arbeidet med kulturminneplanen starta opp att.

I samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel som starta opp våren 2022, vart arbeidet med kulturminneplanen teke opp att. Ein viktig årsak var å få kartfest kulturminne på arealplankartet. Planstrategien for Osterøy kommune 2021 – 2024 legg óg til grunn at det skal utarbeidast kommunedelplan for kulturminne i perioden. Sidan det er gått såpass lang tid sidan planoppstart vart vedteke og planprogrammet vart utarbeidd og sendt på høyring, har rådmannen rådd til at planarbeidet bør meldast opp på nytt. Dette vil óg omfatte ein revisjon av planprogrammet frå 2016. Planprogrammet du no les byggjer på det gamle, men er oppjustert på overordna føringar og på lokale utfordringar, samt organisering og framdrift.

Utfordringar

Det er fleire utfordringar knytt til kulturmiljø og forvaltning av kulturmiljø. I planarbeidet ønskjer ein å fokusere på nokre sentrale utfordringar for kulturminna i Osterøy kommune. Endringar i samfunnet gjer at fleire kulturmiljø har mindre eller anna bruk enn dei hadde tidlegare. I Osterøy er det fleire utfordringar knyt til endringar av jordbrukslandskapet. Nye måtar å bu, jobbe og leva på utgjer både moglegheiter og utfordringar for fleire kulturmiljø.

Ein viktig årsak til tap eller svekking av kulturminneverdiar i norske kommunar er aukande utbyggingspress og manglande bruk av bygningsmiljø som følge av nedbygging i tradisjonell industri og gardsdrift. Ei viktig oppgåve for kulturminneplanen vil difor være tydeleggjere verdiar og peike på område der det er potensiell konflikt mellom utbyggingsinteresser og verneinteresser. Bruk av omsynssoner kan i slike tilfelle være eit aktuelt verkemiddel.

Målsettingar om samordna bustad-, transport- og arealpolitikk, utbyggingspress, samt utfordringar knytt til infrastruktur og geografi kan være med på å auke presset på areal i sentrale områder i kommunen. I mange av desse områda er det ein konsentrasjon av ulike kulturmiljø. Ein sentral problemstilling er difor korleis ein skal ivareta desse kulturminna i den vidare utviklinga av tettstader og bygder i kommunen.

Vestland fylkeskommune har peika på at det er eit høgt tap av kulturminne i mange kommunar. Klimaendringar kan gjere det meir utfordrande å ta vare på kulturmiljøa i framtida. I arbeidet med kulturmiljøplanen vil det difor vere viktig å fokusere på korleis ein best kan sikre god ivaretaking av kulturmiljøa i kommunen med tanke på klimaendringar. Kunnskap frå fortida kan og vere ein nyttig ressurs med tanke på klimatilpassing. Lokale byggjeteknikkar og byggeskikk gjev til dømes eit bilete på korleis lokalsamfunna har tilpassa seg klima gjennom historia og det kan vere relevant å sjå slik praksis i samanheng med framtidig klimatilpassing.

Målsetnad

Kulturmiljø vert i auka grad diskutert i lys av deira verdi og bruk i lokal samfunnsutvikling. Kombinasjon av bruk og sikring vert verdsett som grunnlag for verdiskaping, oppleving og kunnskap. I tråd med statlege og regionale retningslinjer ser ein på kulturminne som ein ressurs i lokal samfunnsutvikling. Med bakgrunn i dette perspektivet vil ein i utarbeidinga av kulturmiljøplanen arbeide med følgjande målsetnadar:

1. Etablere grunnlag for føreseieleg og kunnskapsbasert forvalting av kulturminne gjennom å
 - Auka kunnskapen om kulturminne i kommunen ved å gjennomføre kartlegging, verdsetting og prioritering, samt eventuelt nye registreringar
 - Kartfeste og gjere tilgjengeleg digital informasjon om kulturminne
2. Utvikle ein heilskapleg kulturmiljøpolitikk gjennom å
 - Utarbeide ein overordna strategi for kulturminnepolitikken i kommunen
 - Utarbeide strategiar og tiltak for å nyttiggjere kulturarven som ein ressurs og grunnlag for oppleving, kunnskap og verdiskaping

Med fokus på desse målsetnadane søkjer ein å opparbeide ei brei forståing og semje blant befolkninga, politikarar og administrasjonen kring betydinga, utfordringane og moglegheitene innan kulturminnefeltet. Ein ventar at arbeidet med å etablere eit godt forvaltingsgrunnlag for kulturminne vil krevja ein del ressursar og tid.

Arbeidet med planen vil være nært knytt til arbeidet med kommuneplanen sin arealdel som vil gå føre seg parallelt, særleg med tanke på kartfesting av kulturmiljø og bruk av omsynssoner.

Avgrensingar i planen

Kulturminnelova si definisjon av kulturminne er lagt til grunn for arbeidet med kulturminneplanen i Osterøy kommune. Kulturminne er definert som:

«... alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til (Lov om kulturminner § 2)».

Definisjonen omfattar både materielle (faste) og immaterielle kulturminne (praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter). Det vil bli lagt mest vekt på materielle kulturminne sidan desse kan kartfestast, er konkrete og let seg lettare registrere. Immaterielle kulturminne i form av munnlege overleveringar som knytter seg til materielle kulturminne vil óg være særskilt viktig å få dokumentert. Dette gjeld såkalla *handlingsbåren kunnskap* om til dømes bruk av reiskap, utøving av arbeidsprosessar og skjøtsel og bruk av kulturlandskap. Immaterielle kulturminne knytt til lokale kulturuttrykk er óg viktige å dokumentere. Dette er i samsvar med UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv som Noreg ratifiserte i 2007.

Kulturmiljø omfattar óg landbruk og kulturlandskap. Det er døme på eit planfagleg område som kan skildrast og takast inn i arbeidet med kulturminneplanen. Både landbruk og kulturlandskap er særskilt omtalt i kommuneplanen sin samfunnsdel og i planprogrammet for rullering av kommuneplanen sin arealdel (pågåande prosess). I planarbeidet vil me søkje å presentera Osterøy sin unike og sentrale kulturhistoriske utvikling og særpreg.

Sentrale tema og problemstillingar i planarbeidet

I planprosessen er det behov for å ta stilling til og konkretisere det tematiske fokuset i planarbeidet. Som den fyste kulturmiljøplanen i Osterøy kommune vil ikkje planen ha høve til å ta for seg alle tidsepokar og alle tema i like stor grad. Ein viktig del av planarbeidet vil være identifisere sentrale tema og fokusområde, men óg å få kartfest nye kulturmiljø i arealplankartet og oppdatert eksisterande registreringar.

Planarbeidet må avklare følgjande spørsmål:

- Kvifor er det viktig å ha ein plan / strategi for å forvalte kulturminna.
- Korleis kan vi aktivt bruke kulturminne i våre lokalmiljø? Er det slik at lokalt engasjement er det beste grunnlaget for å taka vare på kulturmiljø?
- Korleis skal vi sikre det einskilde kulturminne langvarig bærekraft, og kven skal ha ansvaret?

Følgjande tema vil være sentrale i planen:

- Unike kulturmiljø i Osterøy, mellom anna bergverksdrift, småindustri og gardsdrift
- Særskilt viktige tidsperiodar og tematiske fokus i Osterøy si kulturhistoriske utvikling
- Særskilt viktige kulturlandskap
- Ivaretaking av kulturminne i utvikling av tettstader og bygder
- Ivaretaking av kulturminne i møte med klimaendringar
- Kulturminne som grunnlag for oppleving, kunnskap og verdiskaping

2 Rammer og føresetnadar for planarbeidet

Statlege føringar og lovverk

Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova er eit sentralt reiskap for å sikre mangfaldet i kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø. Lova har som hensikt å fremja ei berekraftig utvikling. Kommunen kan med heimel i plan- og bygningslova sikre vern av kulturminne på kommuneplannivå (jf §11-8) og på reguleringsplannivå (jf § 12-6).

Kulturminnelova

Kulturminnelova gir heimel til vern av kulturminne og kulturmiljø. Lova har som hensikt å verna kulturminne med bakgrunn i omsynet til kulturarv og identitet, samt som del av ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning.

Kulturlova

Kulturlova gjer offentlege styremakter i sitt arbeid ansvarleg for å fremja og legge til rette for eit breitt spekter av kulturaktivitetar og kulturverksemd. Lova har som føremål å oppretthalde, formidle og verne om kulturarven.

Nasjonale føringar

Meld. St. (2019-2020) «Nye mål i kulturmiljøpolitikken. Engasjement, bærekraft og mangfold» peiker på heilskapleg samfunnsplanlegging med utgangspunkt i FN sine 17 berekraftsmål. FN sine berekraftsmål ser miljømessig, sosial og økonomisk utvikling i samanheng. Det inneber at oppfølginga av måla må ha ein heilskapleg tilnærming. Berekraftsmål nr. 17 strekar under at samarbeid er ein føresetnad for å nå måla. Kulturmiljø skal i større grad takast i bruk som ein ressurs for å oppnå ein berekraftig samfunnsutvikling. Det vil krevje meir samarbeid og betre samordning av verkemiddel.

Stortingsmeldinga introduserer tre nye nasjonale mål i kulturpolitikken:

- Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø
 - Kulturmiljø skal medverke til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging
- Eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk

Dei tre måla bygger opp under og supplerer einannen og skal bli sett i samanheng.

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023 vert kulturmiljø og landskap omtalt i følgjande forventningspunkt:

- Fylkeskommunane og kommunane identifiserer og tar omsyn til viktig naturmangfald, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap i planlegginga. Samla verknadar vert teke omsyn til

- Fylkeskommunane og kommunane vurderer arealbruken i strandsona langs sjøen og i og langs vassdrag i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv, og tar særlege omsyn til naturmangfald, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser
- Kommunane legg vekt på arkitektur og kvalitet i dei bygde omgjevnadane, og planlegg med utgangspunkt i stadane sine særpreg, kulturhistoriske element og viktige landskapstrekk. Eldre bygningsverk og bystrukturar vert vurdert som ressursar i ein sirkulær økonomi
- Fylkeskommunane og kommunane utviklar dei norske verdsarvområda som fyrtårn for den beste praksisen innafor natur- og kulturminneforvaltninga gjennom arealplanlegginga

Regionale føringar

Fylkes(del)planar legg føringar for kommunen si planlegging og forvaltning. Dei mest sentrale fylkes(del)planane for kulturminneplanen er:

- Regional kulturplan: Premiss – kultur 2015-2025
- Regional klimaplan 2014-2030
- Regional plan for folkehelse 2014-2025 Fleire gode leveår for alle
- Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017

Kommunale planar med relevans for planarbeidet

Osterøy kommune har gode kommunale planar på dei ulike verksemdsfelta. Kommunale planar med relevans for arbeidet med kulturminneplanen er:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2021 - 2032
- Kommuneplanen sin arealdel 2011 – 2023 – og påfølgjande rullerte planar
- Kommunedelplan for sjø- og strandsona 2018 - 2027

Relevante dokument og kjelder

Det er utarbeida fleire gode og relevant rettleiarar og rapportar for kulturminne og for kulturminneplanarbeid på regionalt og statleg nivå:

- Kulturminner i Kommunen. Håndbok i lokal registrering. Riksantikvaren. Revidert utgåve 2012
- Temaretttleiar: Kulturminne, kulturmiljø og landskap
- Immateriell kulturarv i Norge – En utredning om UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven (2010)
- Klimaendringar og kulturarv i Norden (2010)
- Askeladden (<https://askeladden.ra.no>)
- Kulturminnesøk (<http://www.kulturminnesok.no>)
- Kyrkjesøk (<http://www.kirkesok.no>)
- Miljøstatus (miljostatus.no)

- Bygdebøker
- Vestlandets historie, i fleire bind, Knut Helle (red), Vigmostad, Bjørke
- Det norske næringsliv, Hordaland fylkesleksikon (1952), Johs. Sætherskar
- Andre rettleiarar frå Riksantikvaren og HFK
- Lokale og regionale/nasjonale arkiv

UTKAST

3 Planprosess

Organisering

Planarbeidet vil bli gjennomført av ei administrativ arbeidsgruppe samansett av medarbeidarar frå Planavdelinga og frå Kulturavdelinga i Osterøy kommune. Planavdelinga er prosjektleiar for planarbeidet og vil ha hovudansvar for utarbeidinga av planen. Arbeidet vil skje i nær dialog med kulturavdelinga i Vestland fylkeskommune. Overordna strategi og rammer for ein heilskapleg kulturminnepolitikk for Osterøy kommune skal fastsettast av Formannskapet og endeleg vedtakast av Heradsstyret.

Det vart etablert ei politisk arbeidsgruppe ved oppstart av 2016- planprogrammet og gruppa leverte innspel til planprogrammet. Denne gruppa har ikkje vore aktiv sidan 2016, og fleire av representantane er ikkje lenger folkevalde. For å sikre god politisk forankring, ikkje minst i arbeidet med strategi for kulturminne i kommunen, bør ei slik gruppe revitaliserast. På heradsstyremøte 22.februar 2023 (HSSak 007/23) vart det vedteke å etablere ei arbeidsgruppe på inntil 5 personar som skal arbeide med planen. Medlemmane vert valte av og blant medlemmane og varamedlemmene i eksisterande heradsstyre og vert sitjande i utvalet fram til arbeidet med denne planen er avslutta.

Det vil bli etablert ei referansegruppe med representantar frå Osterøy museum og Havråtunet, men med mogleheit for å trekke inn fleire. I tillegg ønskjer me å dra nytte av grendaråda, lokale lag og organisasjonar, og einskildpersonar som kan medverke til utvida kvalitetssikring av arbeid og innhald.

Tabell 1. Organisering av planarbeidet

Kva	Kven
Styringsgruppe	Formannskapet
Prosjektansvareleg	Rådmann
Prosjektleiar	Planavdelinga v/leiar av Plan
Administrativ arbeidsgruppe	Leiar Plan, rådgjevar plan (kartansvarleg), Leiar Kultur og mangfald Ungdoms- og kulturkonsulent.
Politisk arbeidsgruppe	Inntil 5 personar av og blant medlemmane og varamedlemmene i eksisterande heradsstyre. Arbeidsgruppa vert sitjande fram til arbeidet med denne planen er avslutta
Referansegruppe	Museumssenteret i Hordaland representert ved: - Osterøy museum -Havråtunet
Døme på ressursar me ønskjer å dra nytte av:	-Vestland fylkeskommune, kulturavdelinga -Grendaråda -Osterøy Sogelag -Vener av Mjøsvågen/Vener av Kossdalen -Haus kulturminnelag, Strandstaden Haus -Osterøy turlag -Einskildpersonar med kulturminnekunnskap

Medverknad

Det er ein målsetnad at planarbeidet skal bygge opp under ein open og inkluderande prosess der ein legg til rette for reell påverknad gjennom planprosessen. Mykje kulturminnekompetanse og kunnskap ligg hos institusjonar, organisasjonar og eldsjeler utanfor kommuneadministrasjonen. Gjennom planprosessen vil det difor vere særleg viktig å inkludere desse ressursane som samarbeidspartnarar. Museum og sogelag er døme på viktige samarbeidspartnarar. Ein vil søkje å arrangere møteplassar/arrangement i samarbeid med lokale kulturminneinstitusjonar og ulike lag og organisasjonar.

I planprosessar har kommunen eit særskilt ansvar for å inkludera barn og unge i planarbeidet. I arbeidet med kulturminneplanen søkjer ein å sette fokus på barn og unge si tilknytning til og kunnskap om immaterielle og materielle kulturminne.

Utgreiingsbehov

Planen føreset etableringa av eit godt forvaltningsgrunnlag for kulturminne i kommunen. Det er behov for å gjennomgå eksisterande materiale og kunnskap, og kartlegge behovet for nye registreringar og oppdatering av eksisterande register. I dette arbeidet må ein ta stilling til kva slag kulturmiljø som er særskilt viktige i Osterøy og kva tema ein ønskjer særleg fokus på. Behovet for og organiseringa av nye registreringar vil ein greie ut tidleg i planprosessen slik at ein kan starte dette arbeidet raskt. Eksisterande informasjon og eventuelle nye registreringar og oppdatering av eksisterande register vil utgjere grunnlaget for verdsetting og prioritering av kulturminne i kommunen. Ein vil følgje Riksantikvaren sin etablerte metodikk for registrering og verdsetting av kulturminne.

Vidare er det behov for å utgreie moglegheiter og utfordringar i høve bruken av kulturmiljø og kulturminne som samfunnsnyttige ressursar og som grunnlag for oppleving, kunnskap og verdiskaping. Det er avgjerande å sjå dette i samanheng med venta samfunns- og klimaendringar.

4 Framdrift

Utarbeidinga av Kommunedelplan for kulturmiljø i Osterøy kommune vil følgje krav til planprosess etter plan- og bygningslova. Framdriftsplanen synar venta framdrift for planarbeidet, men me tek høgde for at framdriftsplanen kan endre seg gjennom planprosessen. Ved eventuelle endringar i framdrift vil framdriftsplanen bli revidert. Vona er få planutkastet opp til 1.gongs høyring i 2.kvartal 2024

Arbeidet med kommunedelplan for kulturmiljø vil gå føre seg parallelt med revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Det er i den samanheng viktig at kommuneplankartet blir revidert og oppdatert med nye kulturmiljøregistreringar og nye omsynssoner. Dette vil såleis være ei prioritert oppgåve å få innspel til planen og hente inn ny informasjon om kulturmiljø tidsnok til å få desse inn i det reviderte kommuneplankartet. Dette må skje i løpet av 2. kvartal 2023. Arealplanen skal etter framdriftsplanen opp til 1. gongs politisk handsaming i august-september 2023. Offentleg høyring og ettersyn av kommuneplanen sin arealdel er venta skje frå medio september til ut november.

Framdriftsplanen tek utgangspunkt i at planprogram og planoppstart vert vedteke i Heradsstyret 22. februar 2023 og at planprogrammet vert sendt på høyring og offentlig ettersyn fram til 17.april. Påskeferie er veke 14. Vedtak av revidert planprogram vil skje i Heradsstyret 10. mai 2023.

Når planprogrammet er vedteke tek sjølve planarbeidet fatt (fase 2) med medverknadsarbeid, kunnskapsinnhenting, registreringar og kartfesting. Utarbeiding av planutkast, inkludert verdsetting av kulturmiljø, vil skje i andre halvdel av 2023. Utarbeiding av handlingsdel og prioritering av kulturmiljø, samt strategi for kulturmiljøpolitikken i kommunen vil bli gjort i første halvdel av 2024. Går alt som det skal er planen klar for 1. gongs politisk handsaming med påfølgjande offentlig ettersyn og høyring i minimum seks veker.

KDP KULTURMILJØPLAN – FRAMDRIFT – Revidert 21.12.22		2022	2023				2024			
		4 KVARTAL	1 KVARTAL	2 KVARTAL	3 KVARTAL	4 KVARTAL	1 KVARTAL	2 KVARTAL	3 KVARTAL	4 KVARTAL
Fase 1: Oppstart	Oppstart, revidere planprogram (avklare fokus/hovudtema i planen, behov for nye registreringar/oppdatering av eksisterande register		PTU 25.1							
	Melde planoppstart. Høyring og offentlig ettersyn av planprogram. Høyring 23.2. til og med 17.april		HS 22.2	17.4.						
	Vedtak av revidert planprogram			10.5.						
Fase 2: Møteverksemd, medverknad og kartlegging	Kartlegge eksisterande data og hente inn informasjon									
	Ev. nye registreringar og/eller oppdatering av eks. register									
	Medverknad frå innbyggjarar og fagemiljø									
	Innhente kulturhistorisk grunnlag									
	Digitalisering av ny informasjon/oppdatering av eks. info. Nye registreringar inn i KPA-arealplankartet.									
Fase 3: Utarbeiding av planutkast	Verdsetting av kulturmiljø									
	Arbeid med planutkast									
	Utarbeide handlingsdel og prioritering av kulturmiljø									
	Utarbeide strategi for kulturminnepolitikken i Osterøy									
Fase 4: 1.gongs handsaming av planforslag										

ORD OG OMGREP

Ei oversikt over nokre ord og omgrep som er nytta i kulturminneforvaltinga. Oversikta er henta frå Riksantikvaren og ein fullstendig oversikt over relevante ord og omgrep kan sjåast på <http://www.riksantikvaren.no/Veiledning/Ordforklaringar-nynorsk>

Arkeologisk kulturminne: Fysiske spor og leivningar etter tidlegare tiders liv og arbeid, der utgraving og dokumentasjon utgjer hovudkjeldene til kunnskapen vår om og oppleving av fortidas samfunn

Automatisk freda kulturminne: Eit kulturminne som er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak.

Fast kulturminne: Nemninga blir brukt om kulturminne som er jord- eller stadfaste. Funn av gjenstandar inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller under vatn.

Forskriftsfreda kulturminne eller kulturmiljø: Nemninga blir brukt om vedtaksfreda bygningar eller anlegg, i statleg eige på fredingstidspunktet, og som er freda ved forskrift. Freding av kulturmiljø skjer alltid ved forskrift.

Freda kulturminne/kulturmiljø: Eit kulturminne/kulturmiljø som myndigheitene gir så stor verdi at det må takast vare på for ettertida.

Ei freding er den strengaste forma for vern. Freding vil seie at inngrep / endringar må godkjennast av myndigheitene. Lovene som blir brukte ved freding i dag, er kulturminnelova og svalbardmiljølova.

Immateriell kulturarv: Immateriell kulturarv betyr praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. For kulturminneforvaltinga er den immaterielle kulturarven knytta til det vi ikkje kan ta på ved eit kulturminne. Dette gjeld til dømes tru, tradisjonar, sagn og hendingar.

Kulturarv: Samlenamn for materiell og immateriell kultur.

Kulturlandskap: Alt landskap som er påverka av menneske. Ordet blir brukt når det blir fokusert på den menneskelege påverknaden av landskapet, og særleg ofte om jordbrukslandskap.

Kulturmiljø: Eit område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Naturelement med kulturhistorisk verdi kan vere ein del av eit kulturmiljø.

Kulturminne: Kulturminne er alle spor etter menneska sine liv og virke i det fysiske miljøet.

Omgrepet omfattar også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.

Naturelement som har kulturhistorisk verdi er òg kulturminne, eller kan inngå som del av eit kulturminne. Vi skil mellom lause og faste kulturminne.

Kulturminneverdi: Verdi som blir tillagt eit kulturminne. Forvaltninga, organisasjonar, eigarar, brukarar eller andre kan vurdere kulturminnets verdi på ulike måtar. Verdivurderinga kan endrast over tid. Kulturminneforvaltninga deler gjerne verdiane inn i tre grupper: kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar.

Laust kulturminne: Nemninga blir brukt om kulturminne som er flyttbare.

Listeført kulturminne: Eit kulturminne som etter ei kulturminnefagleg vurdering er identifisert som verneverdig og oppført på ei liste over objekt som skal forvaltast på ein nærmare definert måte. Både kulturminne som er formelt verna (ved lov eller forskrift) og kulturminne utan formelt vern kan vere listeførte.

Lokal verdi: Verdi som blir tillagt kulturminne eller kulturmiljø knytt til lokal verksemd og historie. Eit kulturminne av lokal verdi kan også få regional og/eller nasjonal verdi.

Regional verdi: Verdi som blir tillagt kulturminne eller kulturmiljø knytt til regional verksemd og historie. Eit kulturminne av regional verdi kan også få nasjonal og/eller lokal verdi.

Nasjonal verdi: Verdi som blir tillagt kulturminne eller kulturmiljø knytt til viktige fasar og forhold i landets historie. Eit kulturminne av nasjonal verdi kan også få regional og/eller lokal verdi.

SEFRAK-bygning: Nemninga blir brukt om bygningar som blei registrerte i regi av SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900, men i enkelte område vart grensa sett noko lenger fram i tid, for eksempel i Finnmark (alle bygningar før 1945.) Det einaste kriteriet for registrering var alder på bygningen.

Vedtaksfreda kulturminne: Eit vedtaksfreda kulturminne blir freda gjennom vedtak etter kulturminnelova eller svalbardmiljølova. Vedtaksfredingar etter kulturminnelova kan omfatte alle typar kulturminne yngre enn 1537, ståande byggverk yngre enn 1649, kulturmiljø og farty. Vedtaksfredingar etter svalbardmiljølova kan omfatte kulturminne yngre enn 1945.

Verdsarv: Kulturarv og/eller naturarv som er innskriven på UNESCO si verdsarvliste. Verdsarvstadene utgjer ein felles arv som er umissande for menneske, på tvers av landegrensene.

Verna kulturminne: Eit kulturminne som er verna ved lov eller andre verkemiddel. Dei viktigaste lovene er kulturminnelova, plan- og bygningslova, kyrkjelova, svalbardmiljølova og naturmangfaldlova. Andre verkemiddel for vern er statlege verneplanar, kyrkjerundskrivet, avtaler, listeføring, tilskotsordningar med meir.

Verneverdig kulturminne: Eit verneverdig eller bevaringsverdig kulturminne er eit kulturminne som har gjennomgått ei kulturminnefagleg vurdering og er identifisert som verneverdig. Nemningane verneverdig og bevaringsverdig tyder det same og blir brukte om kvarandre.

UTKAST

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
049/23	Formannskapet	PS	07.06.2023
033/23	Ungdomsråd	PS	05.06.2023
021/23	Eldrerådet	PS	20.06.2023
021/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	20.06.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Olaf Michal Hella	23/1008

Oppgradering Osterøy ungdomsskule

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ungdomsråd - 033/23

UR - behandling:

Leiar for Oppvekst, undervisning og kultur la fram saka for ungdomsrådet.

Møteleiar la fram følgjande forslag til vedtak: "Ungdomsrådet støttar utgreiing av alternativ 2 og 4. Alternativ 4 berre dersom det er snakk om ei omfattande rehabilitering. Ungdomsrådet ønskjer minimum 1 representant i ei eventuell arbeidsgruppe, og forventar å vere representert i alle steg i planlegginga."

UR - vedtak:

Ungdomsrådet støttar utgreiing av alternativ 2 og 4. Alternativ 4 berre dersom det er snakk om ei omfattande rehabilitering. Ungdomsrådet ønskjer minimum 1 representant i ei eventuell arbeidsgruppe, og forventar å vere representert i alle steg i planlegginga. Samrøystes vedteke.

Formannskapet - 049/23

FS - behandling:

Kjersti Vevatne, V, hadde slikt fellesframlegg:

Alle alternativ legg til grunn at symjehallen ikkje skal ligga ved ungdomsskulen

Moglegheitsstudien for skulen skal:

- ha eit 50-års perspektiv
- ha ein teknisk tilstandsrapport for dagens bygg (ekskludert symjebassenget)
- inkludera ein aula / sal
- ha følgjande alternativ:
 1. Rehabiliterare dagens skule, dvs behalde bygget som i dag, men reparere og oppgradere til dagens standard og krav (om mogleg)
 2. Transformere dagens skule, der delar av dagens bygg vert gjenbrukt på ny måte, og bygget framstår som nytt. Delvis riving, delvis påbygging er aktuelt
 3. Rive dagens bygningsmasse og bygge ny skule på same tomt

For kvart alternativ skal moglegheitsstudien ha enkle vurderingar av desse tema:

- byggetid
- kvalitet for brukarane (byggemateriale, universell utforming, brukaroppleving m.m.)
- miljø/energi
- kostnader (grovt estimat) og usikkerheit i kostnadene

Kommunedirektøren kan supplere med fleire tema.

AVRØYSTNG:

Kjersti vevatne, V, sitt fellesframlegg vert samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Alle alternativ legg til grunn at symjehallen ikkje skal ligga ved ungdomsskulen

Moglegheitsstudien for skulen skal.

- ha eit 50-års perspektiv
- ha ein teknisk tilstandsrapport for dagens bygg (ekskludert symjebassenget)
- inkludera ein aula / sal
- ha følgjande alternativ:
 1. Rehabiliterare dagens skule, dvs behalde bygget som i dag, men reparere og oppgradere til dagens standard og krav (om mogleg)
 2. Transformere dagens skule, der delar av dagens bygg vert gjenbrukt på ny måte, og bygget framstår som nytt. Delvis riving, delvis påbygging er aktuelt
 3. Rive dagens bygningsmasse og bygge ny skule på same tomt

For kvart alternativ skal moglegheitsstudien ha enkle vurderingar av desse tema:

- byggetid
- kvalitet for brukarane (byggemateriale, universell utforming, brukaroppleving m.m.)
- miljø/energi
- kostnader (grovt estimat) og usikkerheit i kostnadene

Kommunedirektøren kan supplere med fleire tema.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

I budsjettet for 2023 vart det sett av 1 million til planlegging av utbetring av Osterøy ungdomsskule.

Bakgrunn

Kommunedirektøren la fram ei sak i formannskapet onsdag 3.5.23, for å avklare kva ein skal gjere vidare med Osterøy ungdomsskule. Saka var utsett med vedtak i sakar:

Saka vert utsett i påvente av utfyllande mogleg studie. I forkant av neste møte vert arrangert synfaring på Osterøy Ungdomsskule.

Det vert sett opp sak på sakslista til neste møte: Mandat for mogleg studie Hatland Skulesenter.

Vurdering

Lonevåg er kommunesenteret på Osterøy. Tilbod til innbyggjarane bør leggjast opp slik at ein kan nå flest mogeleg innan gå eller sykleavstand. Den største befolkningstettleken vil vere i aksa Valestrand til Lonevåg.

Osterøy kommune sin samfunnsplan har som målsetjing at kommunen skal vere ein samfunnsaktør som går i front og viser miljø- og samfunnsansvar. Det er vedteke i planen for Lonevåg at ein skal ha utbygging i tilknytning til etablerte bustadområde.

Skulesenteret på Hatland har over tiår vorten bygd ut som eit senter for kommunen. Ei vidareutvikling med skular, idrettsanlegg og kultursenter er naturleg at ein vidarefører i dette området.

Miljømessige forhold- Gjenbruk

Teknisk forskrift TEK17 presiserer at byggverk skal *prosjekterast, oppførast, driftast og rivast på ein måte som medfører minst mogleg belastning på naturressursar og det ytre miljøet*, jf. §9-11 Generelle krav til ytre miljø.

Elevtalsutvikling ved Osterøy ungdomsskule

Osterøy ungdomsskule har i dag om lag 270 elevar. Skulen er einaste kommunale ungdomsskule og ca. 80 elevar frå kommunen går på Danielsen ungdomsskule på Valestrand. Elevtalet vert redusert i kommunen dei neste åra, men dette vil ungdomsskulen først merke om nokre år.

Kommunedirektøren vil påpeike at mogeleg studien til Norconsult er gjort ut frå eit skulebygg på 360 elevar, medan det ser ut som behovet til ungdomsskulen er storleik til 270 elevar.

Prinsippavklaring Symjebasseng:

Det treng ei avklaring på storleik og kvalitet for symjebassenget. Alternativa er å bygge symjebassenget som 12,5 meterbasseng, 25 meterbasseng eller 25 meters konkurransebasseng.

Dersom ein skal ha eit større basseng enn 12,5 meter må dette flyttast ut av eksisterande skulebygg.

Kva er realistisk?

Uavhengig av kva ein vel å gjere med ungdomsskulen vil det ta fleire år før ein er ferdig. Vel ein rehabilitering, bør ein leige alternative bygg under byggeperioden.

Ein kan sjå oppgradering av skulen og symjehall som ei sak, eller ein kan vurdere dei kvar for seg. Kommunedirektøren ser for seg 4 alternativ:

Alternativ 1: Nybygg med symjehall på ny tomt

Alternativ 2: Nybygg på ny tomt – symjehall på annan lokasjon

Alternativ 3: Rehabilitering av eksisterande skulebygg og symjebasseng

Alternativ 4: Rehabilitering av eksisterande skulebygg og symjebasseng utanfor eksisterande bygg.

Uavhengig av løysing må det vere mogelegheit for utviding av kapasitet seinare. Skulebygget skal

ivareta innbyggjarane sine behov dei neste 50 åra og vil vera viktig for kommunen.

Konklusjon

Slik kommunedirektøren forstår vedtaket frå formannskapet 3. mai 2023, skal politikarane lage eit mandat for vidare planlegging av denne saka. Kommunedirektøren ber om at ein har overordna planverk med i vurdering. Det må vidare sjåast i samanheng med dei måltal Heradsstyret har lagt for økonomisk berekraft i Osterøy kommune.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
022/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	20.06.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hilde Revheim Sture	23/1335

Andre saker/spørsmål

Saksopplysningar: